

SAK 27/15 SØKNAD OM TILSKOT, REGIONAL KULTURKOORDINATOR FOR HALLINGDAL

Saksopplysning

Ål kommune søker om kr. 780.000 for åra 2016 og 2017, til vidareføring av prosjektet Regional kulturkoordinator for Hallingdal.

Regional kulturkoordinator vart etablert som eit underprosjekt i samband med Hallingdal 2020 ("Bulyst Hallingdal"). I prosjektperioden 2012-2015 har prosjektet vore finansiert av kr. 1 350 000 frå Bulyst og 450 000 kroner frå Ål kommune.

Alle 6 kommunane i Hallingdal ynskjer å vidareføre prosjektet i to nye år. I forlenga prosjektperiode er det eit ynskje å fokusere endå tettare på kreativ næringskaping i Hallingdal. Styringsgruppa er sett saman av representantar frå alle kulturkontora/ til ein viss grad alle kultursjefar i kommunane i Hallingdal.

For styringsgruppa verkar det som svært fordelaktig for Hallingdalskommunane – kvar for seg og som region – å vidareføre kulturkoordinator-rolla som kommunikasjons- og utviklingsressurs for kulturlivet. Dette synet har bakgrunn i dei erfaringar som prosjektet til no har gjeve, der både direkte effektar og langsiktig potensial talar for å investere i denne regionale stillinga.

Framtidig og styrka kopling mellom næring, kultur, profil og omdøme er ei uttalt målsetnad i prosjektet. Det blir vurdert som avgjerande å styrke det regionale samarbeidet innan fleire område. Styringsgruppa ynskjer å styrke samhandling på kulturfeltet i Hallingdal, gjennom møteplassar som t.d. «Ekta vare». Styrke den regionale, kulturelle infrastrukturen og styrke næringsgrunnlaget for kreative næringar gjennom tette koplingar med næringsklynga på Ål kulturhus og næringssettinga i Hallingdal.

Sjå konkretisering av prosjektmål i vedlegg 2 og 3.

Forventa effektar

- Betre lokal og regional ressursutnytting gjennom samhandling og fellestiltak. Å betre ressursutnyttinga vil seie både å få meir ut av investerte midlar, og å velje effektive innsatsområde som gagnar kulturlivet i Hallingdal som heilskap.
- Større høve til ekstern finansiering: Hallingdal har arenaer, aktiviteter og aktørar som mange distriktsregionar i Noreg berre kan drøyme om. Kulturkoordinator skal bidra til å auke ekstern finansiering av desse kulturkreftene som aukar handlingsrommet og stimulerer eit mangfaldig kulturliv til å utvikle seg vidare. Resultatet av betre økonomisk armslag er friskare satsing og meir nyskaping på kulturfeltet.
- Kultur- og opplevingsnæring som «partnerar» i kulturlivet: Dei potensielle synergiane mellom eit breitt spekter av kultur- og næringsaktørar gjer ein kommunikasjonsressurs mellom desse aktørane nyttig og naudsynt. Bedrifter og utøvarar innan ulike formar for kulturnæring kan gjennom strategiske samarbeid via KKH stå saman om å styrke Hallingdals attraktivitet som ein sterk kultur- og arbeidsregion.
- Kultur- og opplevingsnæring som sysselsettar: Det er allereie mange stillingar innan kultur- og opplevingsnæring i Hallingdal, og potensialet for vidare vekst på dette feltet er stort.

Regionrådet for Hallingdal handsama i sak 25/14 Regional kulturkoordinator, der det vart gjort slikt vedtak:

1. Tiltaket kulturkoordinator i Hallingdal underbyggjer målsettinga i Strategisk plan for Hallingdal 2013-2016 og Hallingdal 2020, og vil bidra til ei sterkare og tydelegare profilering av Hallingdal som region. Tiltaket vil òg styrke regional samhandling og vera ein ressurs for lokale kulturtilbod. Den økonomiske fordelingsnøkkelen gjev forankring og eigarskap i alle hallingdalskommunane.
2. Regionrådet for Hallingdal tilrår ei vidareføring av prosjektet «Kulturkoordinator i Hallingdal» for periode 2016-2017.

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
100 % stilling regional kulturkoordinator		425 000	425 000			850 000
Annonsering/ marknadsføring		24 000	24 000			48 000
Eigeninnsats styringsgruppe		60 000	60 000			120 000
Kurs og opplæringstiltak		90 000	90 000			180 000
Personalutgifter		185 000	185 000			370 000
Reise, kontor, tlf		60 000	60 000			120 000
Sum kostnad		844 000	844 000			1 688 000

Finansiering, forslag til finansiering sak 25/14 og i søknad:

	Sak 25/14 2016	Sak 25/14 2017	Nytt forslag
Buskerud FK	200 000	200 000	390 000
Vertskommune	50 000	50 000	0
Flå kommune	23 000	23 000	23 000
Gol kommune	102 000	102 000	102 000
Hemsedal kommune	51000	51 000	51 000
Hol kommune	98000	98 000	98 000
Nes kommune	76000	76 000	76 000
Ål kommune	104000	104 000	104 000
Totalt	704 000	704 000	844 000

Vurdering

Prosjektet har hausta mange positive attendemeldingar lokalt og frå statlege og fylkeskommunale institusjonar og Regionrådet for Hallingdal har tidelegare rådd til ei vidareføring.

Behovet for regionale overbygningar og strukturar som skaper samhandling er aukande. Gode møtearenaer er viktig i seg sjølv, men den store forskjellen oppstår når ein greier å samhandle i den daglege tenesteproduksjonen. Slik samhandling krev kommunikasjon og koordinasjon der ansvaret for dette er tydeleg og avklart. Ein regional kulturkoordinator kan fylle denne rolla. For reise- og næringsliv er det eit uttrykt behov for og ynskje om kulturopplevingar som gjev destinasjonane eigenart og kvalitet. Skal ein etterkoma eit slikt ynskje vert organisering og profesjonalisering av kulturfeltet viktig. Kulturkoordinator-funksjonen kan i stor grad bidra til dette.

Det er essensielt for ei vellukka vidareføring av prosjektet at kulturkoordinator-rolla er eigd av kommunane i Hallingdal, som gjennom konkrete og forpliktande avtaler opplever at deira ynskje og behov blir lyfta fram i ein regional samanheng.

Dei ulike kommunane har kvar sin eigenart og organisasjonsstruktur og kultur som skal takast omsyn til, men samtidig utviklast slik at ein får i stand gode regionale samarbeid. Det må fokuserast på forankring og eigarskap i ein regional utviklingsstrategi over tid. Prosjektet har så langt ikkje kome langt nok med dette arbeidet, og ei vidareføring av prosjektet synast difor meir naturleg enn ei fast etablering i fyrste omgang. Det bør likevel vera ei klar målsetting å arbeide fram imot ei slik etablering etter endt prosjektperiode i 2017.

Hovudargumenta for å vidareføre kulturkoordinator-prosjektet i 2 år (2016-2017) er:

- Bättre lokal og regional ressursutnytting, samhandling på tvers av kommunegrenser
- Større høve til ekstern finansiering
- Kultur- og opplevingsnæring som «partnarar» i kulturlivet
- Kultur- og opplevelsesnæring som sysselsettar
- Profilerings av Hallingdal

I forhold til finansiering er det ikkje teke omsyn til at kr. 60.000 pr. år er eigeninnsats styringsgruppe. Det er og gjort forslag om at bidrag på kr. 50.000 frå vertskommune blir teke bort. Når det blir teke omsyn til eigeninnsats og bidrag vertskommune blir lagt inn vil «rett» søknadsbeløp bli kr. 560.000 for to år.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 560.000 til vidareføring av prosjektet Regional kulturkoordinator for Hallingdal.

Det blir rådd til at tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.

Ål 18.5.2014

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

1. Ål kommune, søknad dat.
2. Arbeidsoppgåver og aktivitetar 2015
3. Hovudtiltak 2016 - 2017

Søknad

Søknadsnr.	2015-0134	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Regionale utviklingsmidler i Hallingdal			
Prosjektnavn	Søknad om regionale utviklingsmidlar			

Kort beskrivelse

Vidareføring av prosjektet Regional kulturkoordinator for Hallingdal

Prosjektbeskrivelse

Vidareføring av prosjektet med regional kulturkoordinator, med fokus på styrke samhandling i regionen Hallingdal. Betre utnytting av allerede eksisterande kulturell infrastruktur.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Ål kommune Org.nr:864952992	Torget 1 3570 ÅL	95944968
Kontakt- person	Hilde L Bjørnsvik	Torget 1 3570 ÅL	-
Prosjekt- leder	Hilde L Bjørnsvik	Torget 1 3570 ÅL	95944968

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Bulyst Hallingdal, 2011-2014: 1 350 000 kr til prosjektet regional kulturkoordinator for Hallingdal.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Historikk i prosjektet:

Regional kulturkoordinator vart etablert som eit underprosjekt i samband med Hallingdal 2020 ("Bulyst Hallingdal")

I prosjektperioden 2012-2015 har prosjektet vore finansiert av 1 350 000 kr frå Bulyst og 450 000 kroner frå næringsfondet i Ål kommune.

I dag er prosjektperioden ferdig, men alle 6 kommunane i Hallingdal ynskjer å vidareføre prosjektet i to nye år. I forlenga prosjektperiode ynskjer me å fokusere endå tettare på kreativ næringskaping i Hallingdal.

I prosjektperioda 2012-2015 har reiselivet i Hallingdal gjennomgått ein reorganiseringsprosess knytt til Visit Hallingdal (tidlegare Hallingdal Reiseliv) som har ført til avvikling av selskapet. Som eit resultat av dette manglar Hallingdal i dag eit knutepunkt for samhandling mellom kultur og reiseliv.

Potensialet som ligg i samarbeid mellom kulturliv og reiseliv er utvilsamt stort og tilgjengeleg, og samarbeidstiltak vil i ei forlenging av prosjektet ha vesentleg betre levekår.

Prosjekt mål

Framtidig og styrka kobling mellom næring, kultur, profil og omdøme er ei uttalt målsetnad i prosjektet. Det blir vurdert som avgjerande å styrke det regionale samarbeidet innan fleire område. Styringsgruppa ynsker å styrke samhandling på kulturfeltet i Hallingdal, gjennom møteplassar som Ekta vare (sjå vedlegg). Styrke den regionale, kulturelle infrastrukturen og styrke næringsgrunnlaget for kreative næringar gjennom tette koplingar med næringsklynga på Ål kulturhus og næringssetninga i Hallingdal; Høge sprang.

Sjå konkretisering av prosjektmål i vedlegg ARbeidsoppgåver og aktivitetar.

I utvida prosjektperiode skal koordinatoren ha ei aktiv rolle inn i kreativ næringshage og utvikling av innhald med kurs og opplæring.

Forankring

Hallingdal er i sine planar bevisst på ei kulturbasert næringsutvikling og auka verdiskaping i kulturnæringane. Dette vil i framtida spela ein endå viktigare rolle i regional og lokal utvikling og vere ein sentral del i arbeidet med å skape attraktive stader. For Hallingdal er det mange direkte koplingar mellom kulturbasert næringsutvikling og reiseliv, som opplevingar knytt til lokal mat, kulturarv og natur. Opplevelsesbasert næring er ei næring i vekst. Hallingdal er store og tunge på reiseliv.

Ål kommune har ein høg tettleik av sysselsette innanfor kreative næringar og med dette som bakgrunn har kommunen finansiert eit hovudprosjekt "Høge sprang", knytt til etablering av næringsklynge, samordning av opplæring og kursing innan bedriftsetablering. Dette prosjektet er medfinansiert av BFK.

Kravet om kommunale tilskot inn i spleiselaget for vidareføring av prosjektet med regional kulturkoordinator i to nye år, har gjeve ei brei forankring i alle 6 kommunane i Hallingdal. Sett i lys av satsinga på prosjektet "Høge sprang" er det svært høveleg tidspunkt å vidareføre satsingane på regionalt koordineringsarbeid innan kultur- og reiseliv.

Prosjektorganisering

Styringsgruppa er sett saman av representantar frå alle kulturkontora/ til ein viss grad alle kultursjefar i kommunane i Hallingdal.

Arbeidsgrupper vert etablert i tråd med nye satsingar/ tiltak.

Ål kulturhus har eit regionalt nedslagsfelt og er prosjekteigar for regional kulturkoordinator i Hallingdal.

Samarbeidspartnere

Reiselivet i Hallingdal

Kreativ næringsklynge for Hallingdal

Kulturelle tilbydarar i Hallingdal

Mogeleg nye samarbeidspartnere:

Hallingkost

Store arrangement/festivalar i Hallingdal

Høgskule i Buskerud og Vestfold med studiet "Event og sport management"

ØKS- Østafjelske kompetansesenter tilbyr kurs og kompetanseheving for Hallingdal.

Aktivitetar

Utvikle regionale møteplassar for kreative miljø, i stor grad knytt til navet i kreativ næringshage på Ål

Ål kulturhus

- Auke talet på oppdrag for utøvarar gjennom systemarbeid. Etablere ein database?
- Koordinere DKS/DKSS
- Tett samarbeid med reiselivet i regionen. Arrangere seminaret Ekta vare i løpet av prosjektperioden.
- Bindeledd mellom regionen Hallingdal og fylket/ nasjonale aktørar

Kurs og opplæring, i samarbeid med ØKS, Etablerersenteret for Hallingdal, Næringshagen på Gol
ol (DDC)

Sjå vedlegg "Arbeidsoppgåver og aktivitetar" og "Matrise" for meir utfyllande informasjon.

Målgrupper

- Born og ungdom
- Nyetablerarar innan kreative næringar
- Turistar/ Reiselivet i Hallingdal.
- Deltakarar i kulturlivet

Målsetnad for prosjektet:

Gjennom nye tiltak auke rekruttering til kulturlivet i Hallingdal!

Styrke attraktiviteten for Hallingdal, som region.

Resultat

Styrka interkommunalt samarbeid i Hallingdal.

Auke i talet på innbyggjarar i Hallingdal.

Auka attraktivitet for attendeflytting og tilflytting

Auka talet på turistar

Styrka kulturell identitet

Effekter

- Betre lokal og regional ressursutnytting gjennom samhandling og fellestiltak. Å betre ressursutnyttinga vil seie både å få meir ut av investerte midlar, og å velge effektive innsatsområde som gagnar kulturlivet i Hallingdal som heilskap.
- Større høve til ekstern finansiering: Hallingdal har arenaer, aktiviteter og aktørar som mange distriktsregionar i Noreg berre kan drøyme om. KKH bidreg til å auke ekstern finansiering av desse kulturkreftene som auker handlingsrommet og stimulerer eit mangfaldig kulturliv til å utvikle seg vidare. Resultatet av betre økonomisk armslag er friskare satsing og meir nyskaping på kulturfeltet.
- Kultur- og opplevingsnæring som «partnarar» i kulturlivet: Dei potensielle synergiene mellom eit breitt spekter av kultur- og næringsaktørar gjer ein kommunikasjonsressurs mellom desse aktørane nyttig og naudsynt. Bedrifter og utøvarar innan ulike formar for kultur- og opplevingsnæring kan gjennom strategiske samarbeid via KKH stå saman om å styrke Hallingdals attraktivitet som ein sterk kultur- og arbeidsregion.
- Kultur- og opplevelsesnæring som sysselsetter: Det er allereie mange stillingar innan kultur- og opplevelsesnæring i Hallingdal, og potensialet for vidare vekst på dette feltet er stort.

Tids- og kostnadsplan**Tidsplan**

01.01 2016: Oppstart prosjekt

Første prosjektår: Planlegge og initiere ulike tiltak. Sjå vedlegg "Tiltaksplan 2016-2017".

Andre prosjektår: Initiere/gjennomføre ulike tiltak. Sjå vedlegg "Tiltaksplan 2016-2017".

Hausten 2017: Evaluere og slutføre prosjektet.

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
100 % stilling regional kulturkoordinator		425 000	425 000			850 000
Annonsering/ marknadsføring		24 000	24 000			48 000
Eigeninnsats styringsgruppe		60 000	60 000			120 000
Kurs og opplæringstiltak		90 000	90 000			180 000
Personalutgifter		185 000	185 000			370 000
Reise, kontor, tlf		60 000	60 000			120 000
Sum kostnad		844 000	844 000			1 688 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Bulyst "Hallingdal 2020"						0
Buskerud fylkeskommune						0
Flå kommune		23 000	23 000			46 000
Gol kommune		102 000	102 000			204 000
Hemsedal kommune		51 000	51 000			102 000
Hol kommune		98 000	98 000			196 000
Nes kommune		76 000	76 000			152 000
Regionale utviklingsmidlar i Hallingdal		390 000	390 000			780 000
Ål kommune		104 000	104 000			208 000
Sum finansiering		844 000	844 000			1 688 000


Geografi

615-Flå, 616-Nes, 617-Gol, 618-Hemsedal, 619-Ål, 620-Hol

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Arbeidsoppgåver og aktiviteter 2015.pdf	198 882	12.05.2015
Ekta vare.JPG	881 303	12.05.2015
Matrise Hovudtiltak KKH 140415.docx	15 759	04.05.2015
Presentasjon hovudprosjekt.pptx	1 683 857	12.05.2015
Saksframlegg til kommunal handsaming for budsjett 2016.docx	54 905	04.05.2015

Kulturkoordinator i Hallingdal



Sentrale tiltak, prosjekt Kulturkoordinator for Hallingdal 2016-2017

Prosjekt	Ansvar	Status	Vidareføring
De unges arena	KKH/Kulturskulane	God respons og viktige resultat for fagmiljøet i Hallingdal. Ordinært program fullført oktober 2015.	Lokal vidareføring planleggjast, men treng administrator-ressursar
Fjellklang	Kulturskulane	Konsertserien er organisert i Hol kulturskule, har gjennomført 13 vellukka konsertar og planlegg no neste skuleår/sesong	Har fått støttemidlar til vidareføring, men treng truleg noko administrator-ressursar
«Heat, men ikkje lenger» - musikkvideo for rekruttering av kulturarbeidarar	KKH/Kulturskulane	Forprosjekt er gjennomført (Kreator) og tilbod foreligg, men løysinga krev nokre avklaringar før videoen kan lagast	KKH jobber med å lande avtale med Kreator innan sommaren
Ekta Vare. Samarbeid og utvikling kulturliv-reiseliv	KKH / destinasjonane (tidlegare Visit Hallingdal) / Regionrådet for Hallingdal	Samarbeid med reiselivet har måtte skjedd på destinasjonsnivå og vore knytta til enkeltarrangement snarare enn strategisk arbeid og utvikling. Dette grunna omveltingar i Visit Hallingdal m.m.	På det noverande tidspunkt foreligg det ikkje konkrete planar om gjenopptaking, men Ekta Vare er ein ressurs som bør nyttast i framtida.
BandGathering	KKH / Buskerud Musikkråd / Kulturskulane	Arrangementet i 2014 vart avlyst grunna dårleg påmelding. Bandmiljøet treng dette tiltaket og grundigare planlegging/meir eigarskap og marknadsføring vil kanskje hjelpe i neste omgang	Det er ynskjeleg å planlegge ein ny BandGathering i Hallingdal hausten 2016
Konsertar for born/unge/eldre under IceMusicFestival Geilo	IceMusicFestival Geilo (org.)	Årets festival har fått på plass skulekonsertar gjennom DKS, barnehagetilbod i Hol kommunes Den kulturelle barnehagesekken og innandørs-konsert med tilrettelegging for eldre og menneske med bevegelseshemming (Den kulturelle spaserstokken)	Dette arrangementet er eit døme på kulturarr. som bør tilgjengeleggjerast for eit større lokalt publikum. IMF16 er oppmoda til å utvide samarbeidet med DKS (også Ål) og sterkare involvering av barn og unge i tema som miljø/klima/berekraft og musikalsk utfolding.
Kreativt kontorfellesskap Ål kulturhus	Prosjektgruppe Ål kommune	Kontorfellesskapet er klart til innflytting i løpet av april, KKH har bistått med rådgjeving, rekruttering og organisering av dugnadsarbeid.	Ein god kontakt med dette kontorfellesskapet er ein viktig kontakflate for KKH mot kulturetablerarar og næringsutviklarar. Denne linken bør ivaretakast.